

Spennande pop-up mysteriekammer

Hos Stødt Bar & Scene i Ørsta har det denne veka vore eit nytt og spennande tilbod: Eit escape room, eller mysteriekammer, basert på TV-serien Stranger Things.

Det er Håvard Krøvel-Velle, medielærer på Volda vidaregåande skule, som står bak tilbodet. Han har tidlegare laga fleire slike mysteriekammer i lag med elevane sine på medium og kommunikasjon.

Ein fordel å ha sett Stranger Things

Tilbodet vart testa av tidlegare elevvar frå medium og kommunikasjon måndag, før rommet opna for bruk tysdag. Fleire grupper fann vegen innom allereie første dagen, og tilbakemeldingane var gode.

– Må ein ha sett Stranger Things for å kunne ta del?

– Nei, men det er nok ein fordel. Uansett er det mogleg å få hint som hjelper ein på veg dersom ein står fast, fortel Krøvel-Velle.

I utgangspunktet er rommet berre ope denne veka, til litt utpå fredagen, sidan det skal vere konsert på Stødt i helga. Men det kan nende utstyret vert montert opp att neste veka også.

Fort gjort å flytte på

– Rommet er provisorisk tillaga, og fort gjort å sette opp og ta ned. I første omgang er dette ein test av konseptet her på Stødt, og så vert det opp til drivarane av utestaden om dei vil ha det fleire dagar, seier Krøvel-Velle.

Han brukte kring ei veka på å lage til historia og datagrafikken, og alt utstyret får plass i ei gammal Rufo-kasse.

– Eg fekk ideen til å lage dette



* Alva Grønnevik, Yaiza de Leon Krøvel-Velle, Silje Krøvel-Velle og Anita Krøvel-Velle gler seg til å prøve «mysteriekammeret» på Stødt Bar & Scene. Til høgre står mannen bak tilbodet, Håvard Krøvel-Velle.

mysteriekammeret då eg såg siste sesongen av Stranger Things i sommar, fortel Krøvel-Velle, som straks heiv seg rundt og starta planlegging av det nye tilbodet.

Inne i sjølve rommet, som er avskjerma med svarte gardiner, møter spelarane ein stor TV-skjerm. Spellet går føre seg på skjermen, men dei må leite etter leietrådar både på skjermen og fysisk inne i rommet.

Passar for både unge og eldre

Grunnen til at akkurat dette mysteriekammeret fekk plass på Stødt, er at familien til Krøvel-Velle eig bygget der utestaden er. I tillegg kjenner han drivarane godt.

– I tidlegare tider brukte ban-

det mitt å øve i desse lokala, seier han, og gler seg over at Ørsta no har fått ei skikkeleg scene igjen.

Krøvel-Velle tykkjer òg det er kjekt at drivarane jobbar for eit breitt tilbod for folk i alle aldrar, slik at det vert rom for kreative innslag som dette.

– Alle er velkomne inn i mysteriekammeret, men vi ber om at barn under ti år har med ein vaksen. Oppgåvene kan nok vere litt vanskelege for dei yngste, men det ser ut at dei har stor glede av å prøve seg likevel, seier Krøvel-Velle.

– Spennande

Då Møre var innom stod Anita Krøvel-Velle, Silje Krøvel-Velle,

Yaiza de Leon Krøvel-Velle og Alva Grønnevik klar til å prøve tilbodet.

Dei gledde seg og var spente. Nokre av dei hadde sett Stranger Things-serien, men ikkje alle.

– Dette blir spennande, slo dei fast.

På spørsmål om dei hadde tru på å klare oppgåvene innan fristen, så var svaret ja, og planen var å feire med is etterpå.

For Håvard Krøvel-Velle nærmar det seg starten på eit nytt skuleår, og om ikkje lenge vil nye elevvar få vere med å lage eit liknande tilbod ved Volda vidaregåande skule.

✉ LIV JORUNN NYHAGEN



* Eit glimt inn i rommet. Har du først kome inn her, så har du 45 minutt på å løyse oppgåvene og kome deg ut att.